



Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Lærdal kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Lærdal kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 59/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Lærdal kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettet med uspesifiserte innsparingar.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Lærdal frie inntekter inklusiv inntekter frå kraftverksemd som ligg over landsgjennomsnittet, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, bør kommunestyret gjennomføre tiltak for å følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat på minimum 1,75 prosent før resultatet blir korrigert for bruk av bundne fond. I tillegg til å oppretthalde ein sterk buffer gjennom disposisjonsfondet, vil dette bidra til å auke eigenfinansieringa av investeringar. Det siste er nødvendig for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå handlingsregelen kommunestyret har fastsett for lånegjelda. Vi tilrår òg at kommunen gjer ein nærmare analyse av lånegjelda, sett i samanheng med korleis auka lånegjeld belastar drifta med følgjer for tenestetilbodet til innbyggjarane.



Budsjett 2022

Etter førebelse Kostra-tal for 2021¹ fekk kommunen eit netto driftsresultat på 28,2 mill. kroner. Det utgjør 8,9 prosent av driftsinntektene. Etter at det netto vart avsett 4,3 mill. kroner til bundne fond, er avsetjinga til disposisjonsfond 23,9 mill. kroner. Fondet er ved utgangen av 2021 på 45,5 mill. kroner, som er 14,4 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 157,7 mill. kroner, som er tilsvarende KS-prognosen etter budsjettvedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2022.

Inntektene for eigedomsskatt er budsjetterte til 18,2 mill. kroner, medan faktisk inntekt i 2021 var 20,5 mill. kroner. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er lagt inn med 20 mill. kroner, ein auke på 6,2 mill. kroner frå revidert 2021-budsjett. Netto finansutgifter er budsjettert med 13 mill. kroner, medan faktisk utgift i 2021 var 14,7 mill. kroner.

Netto driftsresultat er budsjettert med 0,6 mill. kroner, eller 0,02 prosent av driftsinntektene. I disponering av resultatet skal det tilførast 4 mill. kroner frå bruk av bundne fond, og etter det avsetjast 4,6 mill. kroner til disposisjonsfond. Det betyr at det korrigerde driftsresultatet blir betre.

Investeringsbudsjettet 2022

Kommunen har budsjettert med investeringar i varige driftsmiddel for til saman 59,8 mill. kroner. Investeringane er finansierte med nytt lån på 18,4 mill. kroner, momskompensasjon 8,6 mill., tilskot 0,3 mill., sal av varige driftsmiddel 23 mill., overføring frå drift 8 mill. kroner og bruk av bundne investeringsfond 1,3 mill. kroner. Lånefinansiering til brukarbetaalte VA-anlegg utgjør 16 mill. kroner. Dei største investeringane er oppgradering av næringsbygg Grandane med 20 mill. og hovudplan vassforsyning med 16 mill. kroner. Til vidare utlån er det er budsjettert med 5 mill. kroner i nytt startlån frå Husbanken.

Ved siste årsskifte hadde kommunen som konsern ei langsiktig lånegjeld på 321,2 mill. kroner, som utgjorde 101,5 prosent av driftsinntektene. I 2021 var landsgjennomsnittet utan Oslo 115 prosent². Netto renteeksponering for Lærdal ligg om lag på landsgjennomsnittet, 51,9 prosent av totale driftsinntekter mot landet utan Oslo 49,8 prosent³.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanen sin handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

¹ Konsern-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

² Konsern-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

³ For Lærdal betyr det at ein renteauke på ein prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med 0,5 prosent av driftsinntektene.



Skatt på inntekt- og formue, rammetilskot, overføringar frå andre og brukarbetalingar er i sum vidareført på same nivå i heile perioden, medan det er lagt inn reduksjonar på inntekter frå eigedomsskatt, overføringar frå staten og sals- og leigeinntekter. I sum gjev dette ein budsjettert reduksjon i driftsinntektene frå 279 mill. i 2022 til 271 mill. kroner i 2025. Sum driftsutgifter er redusert frå 265 mill. til 259 mill. kroner i 2025. I hovudsak gjeld reduksjonen lønsutgifter.

Netto driftsresultat er frå 2023 budsjettert svakt negativt, med eit gjennomsnitt for heile økonomiplanperioden på – 0,5 prosent. Sum netto driftsresultat i kroner for heile perioden er på – 5,5 mill. kroner. Etter at driftsresultatet er korrigert for bruk av bundne fond, blir det positivt med 13,2 mill. kroner, som blir avsett til disposisjonsfond. Det betyr ei oppbygging av disposisjonsfondet til kommunekassa (utan KF) til å utgjere om lag 21 prosent av budsjetterte driftsinntekter i 2025.

I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel for 173 mill. kroner. Av dette skal 98,4 mill. kroner bli finansiert med nye lån, der 38 mill. kroner utgjør lån til investeringar i VA-anlegg. Avdrag er budsjettert med 52 mill. kroner, og brutto lånegjeld aukar til om lag 135 prosent av driftsinntektene.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handlevna over tid. Lærdal kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	minimum 1,75 %
Gjeldsgrad i prosent av brutto driftsinntekter	maksimalt 75 %
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	minimum 5 %

Etter budsjett- og økonomiplan byggjer kommunen fram til 2025 opp eit sterkt disposisjonsfond. Dette må sjåast i samanheng med at når netto driftsresultat blir korrigert for bruk av bundne driftsfond, kan det avsetjast midlar til disposisjonsfond. Lånegjelda aukar sterkare enn driftsinntektene, og gjeldsgraden utviklar seg difor negativt samanlikna med måлтаlet.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Lærdal frie inntekter inklusiv inntekter frå kraftverksemd som ligg over landsgjennomsnittet, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, bør kommunestyret gjennomføre tiltak for å følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat på minimum 1,75 prosent før resultatet blir korrigert for bruk av bundne fond. I tillegg til å oppretthalde ein sterk buffer gjennom disposisjonsfondet, vil dette bidra til å auke eigenfinansieringa av investeringar. Det siste er nødvending for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå handlingsregelen kommunestyret har fastsett for lånegjelda. Vi tilrår òg at kommunen gjer ein nærmare analyse av lånegjelda, som å vurdere utvikling av netto renteksponering sett i samanheng med korleis auka lånegjeld belastar drifta med følgjer for tenestetilbodet til innbyggjarane.



I investeringsbudsjettet er det budsjettert med 8 mill. kroner i finansiering ved overføringar frå driftsbudsjettet. Men i driftsbudsjettet er det ikkje tilsvarende budsjettert med 8 mill. kroner i overføring til investeringsbudsjettet. Etter opplysningar frå kommunen skal overføringa bli dekt med bruk av bundne driftsfond (nærings- og konsesjonsavgiftsfondet). Dette må kommunen rette opp i første tertialrapport.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent